

# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgave

SAB390

### Predefinert informasjon

Startdato:	03-05-2023 09:00 CEST	Termin:	2023 VÅR
Sluttdato:	15-05-2023 14:00 CEST	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgave		
Flowkode:	203 SAB390 1 O 2023 VÅR		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

### Deltaker

Kandidatnr.:	303
--------------	-----

### Informasjon fra deltaker

Tittel *:	Fosterbarns påverknad på fosterforeldres eigne barn
Antall ord *:	7999

Sett hake dersom Ja Egenerklæring \*:  
besuarelsen kan brukes Ja  
som eksempel i  
undervisning?:  
  
Inneholder besuarelsen Nei  
konfidensielt  
materiale?:  
  
Jeg bekrefter at jeg har Ja  
registrert  
oppgavetittelen på  
norsk og engelsk i  
StudentWeb og vet at  
denne vil stå på  
vitnemålet mitt \*:  
  
Ja

### Gruppe

Gruppenavn:	(Anonymisert)
Gruppenummer:	22
Andre medlemmer i gruppen:	Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

**Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \***

Nei

**Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \***

Nei

## BACHELOROPPGÅVE

Fosterbarns påverknad på fosterforeldres eigne barn

Fosterchildren's impact on fosterparents own children

Kandidatnummer: 303

Bachelor i sosialt arbeid

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Institutt for velferd og deltaking

Tal ord: 7999

Innleveringsdato: 15.05.2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er bruk i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet*, § 12-1.

*Abstract*

This literature review examines how own children in foster care are affected by having foster siblings, with the aim of exploring the positive and negative aspects of this. The assignment's research question is; "How are foster parent's own children affected by having foster siblings?". Limitations of the research question will be to explore how changes because of fostering, both personally and in the family, might affect own children. The assignment will also examine how the involvement of the children in form of information and participation might affect them. Research and literature on the subject reveal that this is a question that needs to be highlighted. This assignment will contribute to this. Through previous research, political guidelines, system theory, theory of recognition, and findings from four research articles, the research question is discussed. The discussion revealed that there are both positive and negative aspects of fostering in form of changes and involvement. Positive aspects include interpersonal abilities, personal growth, and influence on foster children. Negative aspects consist of reduced recognition from lack of coverage of needs, rights, and respect for knowledge.

*Samandrag*

Denne litteraturstudia undersøkjer korleis eigne barn i fosterheim påverkast av å ha fostersøskan, med mål om å utforske positive og negative sider ved dette. Oppgåvas forskingsspørsmål er; «Korleis vert fosterforeldres eigne barn påverka ved å få fostersøskan?». Avgrensingar i høve problemstillinga er å utforske korleis endringar som følgje av fosterheimsoppdrag, både personleg og i familien, kan påverke eigne barn. Korleis involvering av eigne barn i form av informasjon og medverknad påverkar dei skal også undersøkjast. Forsking og litteratur på feltet viser at dette er ei problemstilling som må belysast, noko denne oppgåva skal bidra til. Gjennom tidlegare forsking, politiske føringar, systemteori, anerkjenningsteori, og funn frå fire forskingsartiklar, vert problemstillinga drøfta. Drøftinga avdekkja av det finns både positive og negative sider ved fosterheimsoppdrag i form av endring og involvering. Positiv påverknad inneberer mellommenneskelege ferdigheiter, personelg vekst, og innverknad på fosterbarn. Negativ påverknad inneberer redusert anerkjenning gjennom manglande behovsdekking, rettigheter, og respekt for kunnskap.

## Innhaldsliste

<i>1.0. Innleiing .....</i>	3
1.1. Bakgrunn for temaval og fagleg relevans .....	3
1.2. Presentasjon av problemstilling.....	5
1.3. Omgrepsforklaringer.....	6
<i>2.0. Kontekstbeskriving .....</i>	6
2.1. Juridiske og politiske føringar for eigne barn i fosterheim .....	6
<i>3.0. Teoretisk utgangspunkt.....</i>	8
3.1. Systemteori.....	8
3.2. Anerkjenningsteori .....	10
<i>4.0. Metode og analyse .....</i>	11
4.1. Val av metode .....	11
4.2. Vitskapsteoretisk utgangspunkt.....	12
4.3. Søkjeprosessen .....	13
4.4. Utval av forskingsartiklar og eit kritisk blikk .....	15
<i>5.0. Funn .....</i>	17
5.1. Endringar .....	18
5.2. Involvering .....	20
<i>6.0. Drøfting .....</i>	22
6.1. Positiv påverknad .....	22
6.2. Negativ påverknad.....	26
<i>7.0. Avslutning .....</i>	29
<i>Litteraturliste.....</i>	31
Vedlegg 1 – Søkjeprosessen .....	36
Vedlegg 2 – Oppsummering av forskingsartiklane .....	37

## *1.0. Innleiing*

I 2021 budde omlag 8 300 barn i alder 0-17 år i fosterheim i Noreg (Bufdir, 2023). Av disse budde 2600 i fosterfamiliar dei kjente frå før. Dette betyr at nær 1 av 100 barn i Noreg budde i fosterheim. Det same året viser barnevernstatistikken at 50 520 barn hadde barnevernstiltak, der 41 789 var hjelpetiltak og 8732 var omsorgstiltak (SSB, 2022).

Denne bacheloroppgåva skal handle om eigenfødt barn i fosterheim, med fokus på korleis dei kan påverkast ved å få eit fostersøsken. Oppgåva skal utforske dei positive og negative sidene ved dette. Funn frå 4 forskingsartiklar skal sjåast i lys av teori, politiske føringar, og tidlegare forsking for å skape nyansar, motsetnadnar og likskapar. Geografisk kjem oppgåvas funn frå Noreg, Italia og Irland, med svar frå 418 informantar i alder seks til 28 år. Formålet med oppgåva er å tilføre fagfeltet kompetanse som kan nyttast i framtidig forsking og arbeid på fosterheimsfeltet.

### **1.1. Bakgrunn for temaval og fagleg relevans**

Bakgrunnen for temavalet finn ein i mi personlege interesse og fagleg relevans. Mi personlege interesse starta etter ei lærerik praksisperiode i fosterheimstenesta. Her vart eg introdusert til dagsaktuelle utfordringar for fosterbarn og fosterfamiliar. Mesteparten av desse utfordringane prega rett nok fosterbarna, ettersom det er disse hjelpeapparatet har ansvaret for å ivareta. Dei som derimot i mindre grad vart diskutert, var fosterfamiliens eigne barn. Som student på bachelorprogrammet sosialt arbeid, synest eg dette kunne vere ubehageleg ettersom vi lærer viktigheita kring familiodynamikkar og samverke mellom individ.

Å skape gode oppvekstvilkår for barn og unge for å forebygge marginalisering og utanforskap står i tråd med sosialarbeidaren sitt mandat i samfunnet om å forebygge, løyse og redusere sosiale problem (Berg et al., 2015, s. 24). I tillegg til samfunnsmandatet, inneberer sosialt arbeid å tydeleggjøre forhold som bidreg til utanforskap og marginalisering, der sosiale problem må sjåast i ei samfunnsmessig samanheng (Berg et al., 2015, s. 24). I fosterheimsomsorga kan dermed ikkje fosterforeldres eigne barn verte oversett. Dei har også behov for omsorg og utviklingsfremjande miljø, sjølv om fosterbarn gjerne har særskilte behov på bakgrunn av deira opplevingar. Sosialt arbeid som profesjon har eitt ansvar ovanfor alle menneske i samfunnet. Dette vert understreka i FO's yrkesetiske grunnlagsdokument gjennom etiske verdiar som menneskeverd, anerkjenning, heilskapleg menneskesyn, og rettferd (FO, 2019). Dersom rolla som fosterheim kan påverke eigne barn i ei negativ retning, er det ikkje vårt ansvar å anerkjenne dette som eit reelt problem? Studiar har tross alt vist at eigne barn i fosterheim kan føle at deira privatliv vert oppslukt av fosterbarna, og at deira tid med foreldra har minska etter fosterheimspllasseringar (Nuske, i Falch-Eriksen, 2018, s. 38).

Andre studiar har også vist at eigne barn føler at deira behov vert nedprioritert til fordel for fosterbarn, men at fosterheimsoppdrag samstundes kan stimulere til auka sjølvkjensle, eigenverdi, og personleg vekt i form av empatiske ferdigheiter (Stoneman, 2019, s. 177-178). Det finns både positive og negative effektar for eigne barn i fosterheim, og det er blitt avdekkja eit behov for å lære meir om korleis ulike tiltak påverkar fosterheimar og barna som bur der, også på lang sikt (NOU 2018:18, s. 9).

Fosterheimar er ei viktig arena for arbeidet med fosterbarn, der sosialarbeidarar og fosterfamiliar har moglegheit til å skape utviklingsfremjande miljø i bornas nye heim. Dette kan vere barn med alvorlege åtferdsproblem, men også barn som vert fosterheimspllassert før problematikken har utvikla seg (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 302). Å belyse situasjonen til eigne barn i fosterheim vil dermed også vere hensiktsmessig for fosterbarna ettersom eigne barn kan vere ei medverkande faktor på kvaliteten av fosterheimspllasseringar. Det vert estimert at ein femtedel til halvparten av fosterheimspllasseringar endar med utilsikta flytting (Backe-Hanssen, 2009, s. 12). Fosterheimsundersøkinga frå 2021 av 1000 fosterforeldre avdekkja at 19% svarte at eigne barn var grunnen for slik utilsikta flytting (Norsk Fosterhemsforening, 2021, s. 13). Dette vert ytterlegare forsterka gjennom andre rapportar, som viser at eigne barn kan fungere som ei de-stabiliserande faktor ved fosterheimspllasseringar (Falch-Eriksen, 2018, s. 38). Dette kan vere forbunde med alder, der studiar har avdekkja at eigne barn yngre eller lik fosterbarnets alder kan vere forbunda med risiko (Egelund, i Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 320). Konsekvensar av utilsikta flytting for fosterbarn kan vere redusert livskvalitet og forsterka utfordringar (Backe-Hanssen, 2009, s. 8). Ei suksessfaktor for gode fosterheimspllasseringar kan vere ivaretaking av eigne barn, der ein inkluderer dei i avgjersler, gjev dei tilstrekkeleg informasjon, let dei medverke og ha kontakt med barnevernstenesta (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 353).

## 1.2. Presentasjon av problemstilling

På bakgrunn av oppgåvas temaval har eg utforma følgjande problemstilling: «Korleis vert fosterforeldres eigne barn påverka ved å få fostersøkten?»

Problemstillingas avgrensingar vil vere å utforske korleis endringar som følgje av fosterheimsoppdraget, både personleg og i familien, påverkar eigenfødt barn. Oppgåva skal også undersøkje korleis involvering av barna i form av informasjon og medverknad kan ha påverkande kraft.

### 1.3. Omgrepsforklaringar

**\*Fosterheim\*:** Privat heim som ivareteke omsorga for barn på grunnlag av vedtak etter barnevernslova (Bvl, 2021, §9-1). Fosterforeldre har den daglege omsorga for barn på vegne av barnevernstenesta eller foreldre. Desse skal ha særleg evne, tid og overskot til å gi fosterbarnet ein god og trygg heim, og skal samarbeide med barnevernstenesta om barnets behov og framtid (Forskrift om fosterhjem, 2003, §3).

**\*Eigenfødt barn\*:** Fosterforeldres barn som har budd heime medan fosterbarn har vore plassert i heimen. Vert brukt som eit fellesnamn for alle barn, uavhengig om dei er biologiske eller adoptert.

## 2.0. Kontekstbeskriving

I følgjande kapittel skal juridiske og politiske føringer for fosterforeldres eigne barn presenterast.

### 2.1. Juridiske og politiske føringer for eigne barn i fosterheim

Det finns inga lov i barnevernslova kring ivaretakinga av eigenfødt barn i fosterheimar. Det er derimot eit punkt i fosterheimsavtalen som inkluderer fosterheimens eigne barn, der det under punkt 4.1.3 om fosterforeldras familie og nettverk står at barnevernstenesta skal ha eigne samtalar med fosterheimens eigne barn dersom dette er ynskjeleg (Barne, likestillings, og inkluderingsdepartementet, 2010, s. 6). Eigenfødt barn vert også tilbudd å delta i opplæringsprogrammet «SOLID» for framtidige fosterheimar (Bufdir, u.å).

I dokumentet for retningslinjer for fosterheim står det at barnevernstenesta bør vurdere behovet for oppfølging av fosterforeldras eigen barn, og eventuelt ha samtalar med dei i forkant av besøk i fosterheimen (Barne- og familidepartementet, 2004, s. 37). Det statlege barnevernet har ansvar for å rekruttere fosterheimar jamfør barnevernslova §16-3, andre ledd bokstav a (Bvl, 2021, §16-3). I rekrutteringsprosessen lyt heimar dekkje spesifikke krav for å verte godkjente fosterheimar. Eit av desse er eigne barn, der dei framhevar viktigheita kring å vise forståing for og vilje til å inkludere eigne barn i prosessen med å få eit fosterbarn (Bufdir, u.å). Eit anna krav er tid og overskot, der fosterforeldre lyt ha kapasitet til å følgje opp barn med særlege behov på toppen av familieansvar og fritid (Bufdir, u.å).

I følgje barns universelle rettigheitar viser Barnekonvensjonen artikkel 3 at ved alle handlingar som råkar barn, skal barnets beste vere eit grunnleggande syn (Barnekonvensjonen, 1989, art. 3). Barnets beste handlar om ar barn har krav på respekt for menneskeverdet sitt og at vurderingar som råkar barn skal vere til barnets beste (Grl, 1814, §104), der barnets interesser går framfor foreldres (NOU 2012:5, s. 41). Konvensjonen regulerer også barns rett til å verte hørt i artikkel 12, der barn i stand til å danne eigne synspunkt skal fritt uttrykkje desse i alle forhold som angår barnet (Barnekonvensjonen, 1989, art. 12). Medbestemmingsretta kjem også fram i barnelova §31, der barns meningar skal vektleggast etter kor gammalt og moden det er (Barnelova, 1981, §31). Dette vert også framheva av grunnlova §104, der barns meningar skal vektleggast etter alder og utvikling (Grl, 1814, §104). Ei peikepinn på alder er at meningane til barn fylt sju år skal takast omsyn til, medan meningar til barn fylt 12 år skal vektleggast i stor grad (Barnelova, 1981, §31).

### *3.0. Teoretisk utgangspunkt*

Relevante teoriar som systemteori og Honneth si anerkjennningsteori skal nyttast for å drøfte oppgåvas problemstilling. Eg tenkjer at systemteori kan belyse eigenfødt barns rolle i systemet og korleis dei vert råka, men også korleis dei sjølv kan fungere som ei påverkande faktor. Gjennom denne tilnærminga kan systemets struktur avdekkast og dynamikken forståast. Det kan også bidra til å illustrere subsystem og suprasystem si rolle i familiarer. Anerkjennningsteorien skal vise korleis fosterheimsoppdrag kan medføre anerkjennning og krenking hjå eigenfødt barn. Det vil vere naturleg å tru at eigne barns anerkjenningsfærar vert påverka i fosterheimsprosessen, der målet er at anerkjennningsteorien skal forklare og gjeve innsikt i deira opplevingar og potensielle kjensler.

#### *3.1. Systemteori*

Systemteori er ei tverrfagleg praksisteori som ver hyppig brukt på helse- og sosiafeltet, og kjenneteiknast ved at det som skjer har eit mangfold av årsaker (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 141). Dette vert kalla for ei sirkulær årsaksforståing, men teorien kan også omtalaast som ei linær årsaksforståing der årsak-verknad forhald er veklagt (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 141). Eit system er ei heilheit som består av mindre delar, der koplingane mellom delane og samspelet mellom dei skapar systemet (Schieffloe, 2019, s. 219). Koplinga og samspelet mellom medlemmar kan medføre vesentlege endringar i systemet (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 157). Dette treng ikkje vere knytt til ein person, men til korleis dei ulike personane samhandlar med kvarandre i ei spesifikk kontekst (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 157). Systemteori kan bidra til å forstå dynamikken til ulike system og konteksta til mennesket, samt forklare korleis samfunnet pregar individet (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 142).

Familie er eit sosialt system, der familiemedlem er komponentane (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 137). Systemteori i møte med familiar gjev ei forklaring på korleis medlem i familiesystemet påverkar kvarandre, der teorien er oppteken av strukturen i familien (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 152). Denne strukturen vert gjerne omtalt som den sosiale strukturen, som er eit overordna eigenskap ved sistema (Schieffloe, 2019, s. 220). I familien er strukturen mönsteret i familiesystemet. Her vert medlem tildelt føringar for kvarandre med moglegheiter og avgrensingar for samspel, individuell åtferd, og tilpassing ovanfor kvarandre (Schieffloe, 2019, s. 220). Strukturen i familien kan sjåast på som eit fordelingsverktøy som tildeler familiens medlem posisjonar, myndighet og ansvar, reglar, makt, og materielle gode (Schieffloe, 2019, s. 220).

For å analysere eigenfødt barn si situasjon treng ein systemanalyse- og forståing ettersom barna i store delar av livsløpet er del av eller samhandlar med familien (Schieffloe, 2019, s. 223). Føresetnad for dette er forståinga av heilheit og samanheng, og innpass og avhengigkeit. Heilheit og samanheng inneberer kva delar systemet består av og korleis desse er plassert og knyta saman, medan innpass og avhengigkeit handlar om korleis systemet er plassert i forhold til andre system og deira betydning ovanfor kvarandre (Schieffloe, 2019, s. 224). Ei systemteoretisk praksisteori kan forklare korleis familiesystemet vert forandra eller haldast ved like ved fosterheimsoppdrag, samt korleis samspelet i fosterheimen førgår og kva dei produserer (Schieffloe, 2019, s. 224). Kjennskap til ulike system kring familiar vil også vere hensiktsmessig, der ein har «subsystem» og «suprasystem». Desse ulike systema opererer på ulike nivå, der eit system kan vere del av eit større system (Schieffloe, 2019, s. 63). Alle system består av fleire subsystem, der samhandlinga mellom komponentane i eit subsystem er forskjellig frå samhandlinga til komponentane i andre subsystem (Egeland & Schjødt, i Jensen, 2009, s. 52-53). Medlem i system kan vere del av fleire subsystem samstundes. Døme på subsystem i familiar er foreldresubsystem og søskensubsystem. Suprasystem er eit overordna system som alle andre system er underlagt, og som dermed utgjer ei heilheit for dei mindre sistema (Jensen, 2009, s. 52). Døme på suprasystem for familiar er samfunnet, storfamilien, og organisasjonar.

### 3.2. Anerkjenningsteori

Axel Honneth utvikla ei samfunnsteori kring menneskets behov for og krav på anerkjening som eit grunnleggande behov (Honneth, i Askheim, 2012, s. 168). Teorien fekk namn «anerkjenningsteori», som omhandlar at mennesket treng anerkjening for å skape identitetsutvikling (Askheim, 2012, s. 168). Det er også naudsynt for å bli sjølvstendige. Anerkjening oppstår i mellommenneskelege relasjonar, og kan forståast som respekt (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 98-99). Manglande anerkjening kan medføre krenkelse, som kan resultere i svekka sjølvtillit og sjølvrespekt (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 100). Anerkjening er eit av menneskets psykologiske behov. Behova har fundamental betydning for om vi oppnår sosial tilpassing, livskvalitet og god psykisk helse, der manglande behov kan medføre emosjonelt underskot (Helgesen, 2017, s. 83). Anerkjening er del av Maslow si behovspyramide, ei modell som illustrerer rangeringa av individets behov gjennom å plassere dei i ei pyramide (Helgesen, 2017, s. 83). Dei nedste behova er mest grunnleggande, som våre fysiske behov, medan anerkjening er plassert nesten heilt øvst. Anerkjenningsteorien deler behovet for anerkjening inn i tre sfærar; privatsfären, den rettslege sfären og den solidariske sfären.

Den private sfären omhandlar familie og venar, der anerkjening skapast gjennom gjensidig relasjon. For mange vil dette vere familielasjon (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 99). Menneskets viktigaste ressurs for anerkjening i denne sfären er nærliek, omsorg, støtte, kjærleik og tillit (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 99). Kjelda til krenking i den private sfären er assosiert med misbruk, utnytting og mangelfull respekt (Askheim, 2012, s. 169). Elles vil også vald og omsorgssvikt vere formar for krenking. Den rettslege sfären inneberer vår status i samfunnet og rettigheitar. Anerkjening i denne sfären er forbunde med å vere eit fullverdig del av samfunnet og likebehandling (Askheim, 2012, s. 169). Andre kan vere respekt og medverknad (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 100). Krenking på dette nivået kan vere forskjellsbehandling eller manglande tilgang på rettigheiter (Askheim, 2012, s. 169).

Den siste sfæren er den solidariske sfæren, og inneberer å vere vel av fellesskapet. Dette kan vere kulturelle, ideologiske og arbeidsmessige fellesskap, der anerkjenning førekjem gjennom at samfunnet ser individets autonomi, kvalitetar og kompetanse (Askheim, 2012, s. 169).

Dersom ein vert sett på som bidragsytar, fullverdig deltakar av samfunnet, og verdifull for andre, opplev ein høg grad av anerkjenning (Ellingsen & Skjefstad, 2015, s. 100). Krenking i denne sfæren vert assosiert med lite verdsetting og manglande respekt for enkeltindividets forskjellar og særeigne kvalitetar (Askheim, 2012, s. 169).

## *4.0. Metode og analyse*

I dette kapittelet skal oppgåvas metodiske tilnærming, vitskapsteoretisk utgangspunkt, forforståing, søkjeprosess, og forskingsartiklar presenterast.

### **4.1. Val av metode**

Ved utforminga av denne oppgåva måtte eg først avklare kva metodiske tilnærming eg ynskja å bruke. Valet stod hovudsakleg mellom to tilnærmingar, enten litteraturstudie og kvalitative intervju. For å vurdere kven som var mest hensiktsmessig, føretok eg eit sok for å studere kvar mykje forsking og litteratur som eksisterte på feltet. Eg vurderte den eksisterande forskinga som verdifull og lærerik, og valet fall dermed på litteraturstudie som metode. Ved å bruke denne metoden søker eg etter svar på mi problemstilling gjennom å identifisere og analysere eksisterande litteratur gjennom ei systematisk tilnærming (Aveyard, 2019, s. 2). Her kan eg som forskar danne meg nye perspektiv, noko som ikkje hadde vore mogleg utan ei samla gjennomgang av litteratur sett i lys av konteksta og annan datamateriale (Aveyard, 2019, s. 2). Gjennom å bruke denne metoden kan eg bidra til å gjeve ei oversikt over forsking og litteratur på fagfeltet eg undersøkjer, samt presentere eit heilskapleg bilet av mitt tema gjennom å presentere fleire individuelle forskingsartiklar og funn.

Dersom lite forsking kring temaet hadde avgrensa forskingssøket mitt, kunne eg ha nytta eit forskingsdesign med eigne kvalitative intervju. Eit kvalitativt forskingsintervju inneberer eit møte mellom forskar og informant, og omtalast gjerne som eit samtaleintervju (Brottveit, 2018, s. 89). Her hadde eg tileigna meg subjektive erfaringar frå mine informantar, der informantane sjølv formar svara gjennom eigne ord (Brottveit, 2018, s. 89). Dersom eg stil meg kritisk til litteraturstudie, ser eg at metoden føreset at eg brukar forskingslitteratur som allereie finns utan moglegheit for å tilføre fagfeltet «ny» kunnskap. Annan kritikk er at litteraturstudias forskingsutval kan verte prega av mine eigne oppfatningar kring temaet, der eg er selektiv i val av kjelder. Ei motvekt mot dette vil vere bevisstheit kring mi forforståing, noko som vert omtalt i neste avsnitt.

## 4.2. Vitskapsteoretisk utgangspunkt

Denne oppgåvas vitskapsteoretiske utgangspunkt er hermeneutikk. Her arbeidar ein med materiale for å skape mening gjennom den enkelte si verds- og livserfaring (Brottveit, 2018, s. 33). Hermeneutikk omtalast gjerne som ei fortolkingsprosess, der ein søker etter å forstå og fortolke våre omgjevnadar ved hjelp av våre forventningar. Tilnærminga kan forståast som eit verktøy for å forstå andre sine opplevingar, der ein fortolkar det som vert formidla (Røkenes & Hanssen, 2012, s. 58). Det vert også ei inngang til å kome fram til nye forståingar av eit fenomen. Bakgrunnen for valet finn ein i mi personlege interesse, der eg har trua på at eit auka fokus på den enkelte sine subjektive erfaringar vil resultere i meir heilskaplege vurderingar innanfor barnevernsarbeid. Evna til å fortolke føreset forhandsoppfatningar, noko som kan kallast for *forforståing*. Dersom ein koplar hermeneutikk opp mot mi søkjeprosess, vil mi forforståing vere ei føresetnad for korleis eg fortolkar forskingsartiklanes datamateriale.

Forforståing kan definerast som grunnlaget for vår forståingshorisont med bakgrunn i kunnskap og livserfaring (Brottveit, 2018, s. 35). Den skal skape rasjonelle samanhengar, meinung og orden i tekstar og handlingar (Aadland, 2011, s. 182). Mi forforståing er prega av oppfatningar om at eigne barn i fosterheim vert negativt påverka som følgje av krevjande fostersøskan og underprioritering frå foreldre, ettersom fosterheimsrolla kan vere svært krevjande mentalt og kroppsleg. Denne forforståinga har vorte utvikla gjennom mine tre år på profesjonsstudiet sosialt arbeid, der eg har tileigna meg lærdom kring problematikk på barnevernsfeltet. Ubevisste forforståingar kan prege oppgåva i negativ retning der datamaterialet vert utsett for ei doktrinær lesing, med mål om å finne svar på mine eigne ubevisste fordommar (Aadland, 2011, s. 187). For å hindre dette lyt eg foreta kritisk refleksjon og vere utforskande i møte med innvendingar ulike frå mine eigne.

Ettersom hermeneutikken fokuserer på kvalitativ datamateriale, vil forskingsartiklar med eit kvalitativt forskingsdesign vere høgst prioritert ved mitt forskingsutval. Dette vert omtalt i neste avsnitt.

#### 4.3. Søkjeprosessen

I forkant av søkjeprosessen er det viktig med ei detaljert søkjestrategi, der søkjeprosessen min står fram som organisert og strukturert, og søket vert dokumentert på ei oversiktleg måte. Dette kan forhindre at søket mitt oppfattast som tilfeldig og uorganisert, der leseren vert forsikra om at relevante forskingsartiklar har vorte vurdert gjennom ei systematisk gjennomgang framfor å velje tilfeldige artiklar (Aveyard, 2019, s. 74). Mi søkjeprosess består av utforminga av eit litteraturhierarki, søkjeord, inklusjons- og eksklusjonskriterium, og nedskalering av forskingstreff gjennom FLYT-skjema. Som nemnt tidlegare fokuserer hermeneutikken på kvalitativ forskingslitteratur, noko som betyr at denne type forsking vil vere på toppen av mitt litteraturhierarki. Følgjande i litteraturhierarkiet står teoretisk litteratur. Nedst i litteraturhierarkiet mitt står kvantitativ forsking.


Etter litteraturhierarkiet vart utforma, byrja prosessen med å finne korrekte søkjeord. Eg byrja med å bruke databasane «Academic Search Elite» og «SocIndex». Etter ei gjennomgang av ulike søkjeord og kombinasjonar, opplevde eg at orda «foster home», «birth children», «foster care» og «foster siblings» gav best resultat. Deretter brukte eg den norske databasen «Idunn», med søkjeorda «fosterhjem» og «biologiske barn». I tillegg til søkerorda brukte eg «AND» og «\*» saman med søkerorda. Ved å bruke «AND» bak søkerorda vart treffa avgrensa til treff som innehaldt begge søkerorda, og dermed minimerte søkeret (Aveyard, 2019, s. 85). Ved å bruke «\*» bak søkerorda, får ein opp treff med alle grammatiske måtar ordet kan bøyast på, og dermed utvidar søkeret. Sjå vedlegg 1 for detaljert søkerprosess.

Etter søkerprosessen satt eg igjen med 75 forskingsartiklar frå 3 databasar. For å identifisere kven av forskingsartiklane som passa mi oppgåve, nytta eg inklusjons- og eksklusjonskriteriar. Slike kriteria kan hjelpe med å identifisere kven av treffa som er relevante, og dermed ekskludere dei som er irrelevant (Aveyard, 2019, 75). Nedanfor er ei tabell med utvalde kriterium.

Inklusjonskriteriar	Eksklusjonskriteriar
Engelsk og norsk	Alle andre språk
Artiklar frå 2010 til 2023	Artiklar før 2010
Fagfellevurderte artiklar	Artiklar som ikkje er fagfellevurdert
Ordinære fosterheim	Beredskapsheim, besøksheim, og slekts- og nettverkspllassering
Kvalitative primærstudiar	Litteraturstudiar og kvantitative primærstudiar
Studiedesign med fokusgrupper, intervju eller observasjon	Studiedesign med spørjeundersøking eller annan likande datainnsamling
Artiklar med full tekst	Artiklar utan full tekst

Figur 1: Inklusjons- og eksklusjonskriteriar

Etter utforminga av kriterium måtte eg identifisere kva forskingsartiklar som ville vere gunstig å bruke. Prosessen kan illustrerast gjennom eit FLYT-skjema som dokumenterer søkjeprosessen min på ei oversiktleg og komplett måte (Aveyard, 2019, s. 92-93). FLYT-skjemaet viser korleis forskingsartiklane vart redusert frå 75 til 4, gjennom å ekskludere duplikat og irrelevante artiklar.



Figur 2: FLYT-skjema, frå Aveyard (2019, s. 93)

#### 4.4. Utval av forskingsartiklar og eit kritisk blikk

Forskningsartiklane som vart vald ut gjennom FLYT-skjemaet er: "Å vokse opp med fostersøksen med utfordrende atferd – erfaringer i et retrospektivt lys" (Ellingsen & Øyre, 2016), "Fosterforeldres egne barn: Hvordan synes de det er å ha fostersøksen?" (Gundersen & Jenssen, 2020), "We are caregivers, too": Foster siblings' difficulties, strengths, and needs for support» (Raineri et al, 2018), og "Recognising Birth Children as Social Actors in the Foster-Care Process: Retrospective Accounts from Biological Children of Foster-Carers in Ireland" (Williams, 2017). Sjå vedlegg 2 for oppsummering av forskningsartiklane.

Forskningsartiklanes datadesign er kvalitativ og kvantitativ forskning. Til tross for at eit ekskluderingskriterium var kvantitativ forskning, har eg likevel nytta ei forskningsartikkkel med denne forskingsmetoden ettersom eg tenkjer at kvantitative funn kan utfylle dei kvalitative. I prosessen med å velje ut gode forskningsartiklar vurderte eg dei med eit kritisk blikk. Dette gjorde at eg kunne vurdere kven som var mest relevant for mi problemstilling og det gav meg eit innblikk i artiklanes styrker og svakheiter (Aveyard, 2019, s. 106). Gode spørsmål for slik kritisk vurdering er å identifisere formålet til studiane og deira hovudfunn (Aveyard, 2019, s. 108). Eg vurderer forskningsartiklane som relevante for mi problemstilling.

Forskningsartikkelen til Ellingsen og Øyre (2016) er ei norsk kvalitativ studie med datainnsamling frå 8 informantar i aldersgruppa 18-25 år. Formålet med studia var å belyse fosterfamiliens eigne barn sine erfaringar med å vere fosterheim for fosterbarn med utfordrande åtferd (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 20). Eg ynskjer å bruke forskningsartikkelen til Ellingsen og Øyre for å undersøke endringar i familien og positiv utvikling for eigenfødt barn si sosiale kompetanse som følgje av å vere fostersøksen. Begge forfattarane er førsteamanuensisar ved Universitetet i Stavanger.

Forskningsartikkelen til Gundersen og Jenssen (2020) er ei norsk kvantitativ studie med datainnsamling frå eit forskingsprosjekt frå 2019 av Bufdir, med spørjeundersøking av 380 eigne barn i alder 12-25 år, samt informantar frå fosterheimstenesta. Formålet var å skaffe kunnskap om korleis fosterheimsoppdrag påverkar familiesituasjonar, og kva utfordringar og behov som oppstår (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 199). Eg ynskjer å bruke forskinga til Gundersen og Jenssen for å utforske eigenfødt barns endringar som følgje av å få fostersøksen, bekymringar frå dei, og grad av medverknad og oppfølging frå barnevernstenesta. Begge forfattarane er seniorforskalar ved universitetet OsloMet.

Forskningsartikkelen til Raineri et al (2018) er ei italiensk kvalitativ studie med datainnsamling frå 15 biologiske foreldre og 14 fosterforeldre. Barnas alder varierte frå 6 til 19 år og hadde vore involvert i ein eller to fosterheimspllasseringar. Formålet med studia var å presentere eigenfødt barns oppleving av å vere fosterheim, positive og negative syn på fosterheimsopphaldet, og deira anbefalingar til fosterforeldre, fosterbarn og profesjonelle (Raineri et al., 2018, s. 625). Eg ynskjer å nytte forskningsartikkelen til Raineri et al for avdekke korleis eigenfødt barn opplever deira nye familierolle og behova deira kring dette. Forfattarane har vore del av fleire andre verk.

Forskningsartikkelen til Williams (2017) er ei kvalitativ studie frå Irland med datainnsamling frå 15 informantar med fostersøskene. Informantane alder under intervjuva var mellom 18 og 28 år. Formålet med studia var å undersøkje fordelane og utfordringane for eigenfødt barn under fosterheimsoppdrag, samt deira syn på trening og behov (Williams, 2017, s. 1448). Eg ynskjer å bruke Williams si forskningsartikkel for å belyse eigenfødt barns oppleving av sorg og tap, med behovet for trening og støtte kring dette. Forfattaren har delteken i fleire andre verk.

## 5.0. Funn

Etter utvalet av forskningsartiklar byrja arbeidet med å velje tema. Dette gjorde eg ved å lese kvar artikkel fleire gonger og setje meg inn i deira funn. Dette var ei tidkrevjande prosess, der eg måtte trekke samanhengar mellom hovudfunna og sjå etter likskap og ulikskap. Etter eit djupdykk i artiklanes funn organiserte eg dei i tema med formål om å skape oversikt over hovudfunna (Aveyard, 2019, s. 141). Utvalde tema er «endringar» og «involvering». Desse vert vist i tabellen på neste side og presentert i dei neste avsnitta.

Forskningsartikkel	Endringar	Involvering
<b>Ellingsen &amp; Øyre, (2016)</b>	X	X
<b>Gundersen &amp; Jenssen, (2020)</b>	X	X
<b>Raineri et al., (2018)</b>	X	X
<b>Williams, (2017)</b>	X	X

Figur 3: Tabell med tema, frå Aveyard (2019, s. 143)

## 5.1. Endringar

Analysen viste at eigne barn har opplevd personleg utvikling og endring i form av auka forståing, innsikt, omsyn til andre, omtenksamheit, medkjensle, og ikkje-dømming (Ellingsen & Øyre, 2016; Gundersen & Jenssen, 2020; Raineri et al., 2018; Williams, 2017). Utvikling i form av forståing og innsikt heng saman med å vere ikkje-dømmande og ha omsyn til andre, og vart forklart som evna til å forstå kvifor fosterbarna oppførte seg som det dei gjorde på bakgrunn av tidlegare erfaringar, samt eit endra syn på menneskets ulikheitar (Ellingsen & Øyre, 2016; Gundersen & Jenssen, 2020; Raineri et al., 2018; Williams, 2017). Dette vert sett på som ei faktor til utvikling av sosial og relasjonell kompetanse.

To av informantane frå Ellingsen & Øyre (2016) forklarte dette som følgjande; «Hun har ikke et alvorlig atferdsproblem liksom, men bare ting hun ikke har lært i oppveksten, sosiale ting (...). Jeg har lært meg at ikke alle barn har det bra», og «Jeg har blitt mer åpen for ting som er annerledes (...). Jeg tror jeg klarer å forstå eller har mer interesse for å prøve å forstå hvorfor folk gjør som de gjør (...)» (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 30-31). Dette var også tilfelle i artikkelen til Raineri et al (2018), der det var enklare å forstå fosterbarnas åtferd og samhandle med dei dersom dei hadde kjennskap til deira tidlegare opplevingar (Raineri et al, 2018, s. 629). Å opne si forståingshorisont for andre og sjå ting på ei annan måte vart også framheva som ei styrke av informantar i Williams (2017); «Through fostering I got a very different view of the world. (...) I am a more open-minded person because of it (...)» (Williams, 2017, s. 1450). Personleg endring etter fosterheimsrolla vert ytterlegare framheva i den kvantitative studia, der 69% svarte at dei har lært å ta meir omsyn til andre (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 203). Andre informantar opplyste også at fosteroppdraget har medført sosialt engasjement for andre, ynskje om sosialfagleg utdanning, og framtidsmål om å få eigne fosterbarn (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 31).

Den personlege utviklinga i form av forståing, innsikt, omsyn til andre, og medkjensle har også påverka eigenfødt barns rolle i heimen. Dette inneberer større støtte- og ansvarskjensle ovanfor foreldra og fosterbarna (Williams, 2017; Ellingsen & Øyre, 2016; Gundersen & Jenssen, 2020; Raineri et al., 2018). I spørjeundersøkinga svarde 54% at dei var einige eller delvis einige i å ha fått meir ansvar og oppgåver heime som følgje av fosterheimsrolla (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 203). Nokre informantar opplyste at dei velvillig pådrog seg rolla som omsorgsgivar med ansvar for kvardagslege oppgåver, omsorg og støtte for fosterbarna (Raineri et al., 2018, s. 628). Ansvar og oppgåver kunne derimot kjennast belastande, der nokre opplevde press om å støtte foreldra emosjonelt og praktisk. Dette oppstod i form av at foreldra brukte barna som rådgjevarar for å uttrykkje kjensler og tankar (Williams, 2017, s. 1452). I krevjande situasjonar følte informantane at dei måtte vere ansvarlege for å lette byrdene til foreldra, og dermed ta meir ansvar når foreldra var slitne og oppgitte (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 28).

Informantane opplevde dette som eit uromoment, der dei var bekymra for korleis familien vart påverka av fosterbarna (Williams, 2017; Ellingsen & Øyre, 2016). Det medførte også at eigenfødte barns behov vart sett til sides ut av omsyn til foreldras kapasitet; «Jeg og min bror avlastet og tok ansvar for å la våre foreldre slappe av og fordi vi kunne se når de nesten sprakk av irritasjoner og problemer» (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 204). Mindre vektlegging av eigne behov vart derimot sett på som eit naudsynt aspekt ved fosterheimsoppdraget og ei føresetnad for å hjelpe fosterbarna (Raineri et al., 2018, s. 629). Fleire gav samstundes uttrykk for at foreldra, til tross for lite overskot og trøytteik, gav dei oppmerksemd og dekkja deira behov for nærliek og ivaretaking (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 28). Andre viste derimot negative erfaringar kring dette og opplevde foreldra som tilbaketrekt med mindre empati. Ein deltakar sa følgjande; «De kunne nok vært flinkere til å se oss, se hvordan vi har det og spurt hvordan vi følte oss» (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 28). Medan nokre opplevde foreldra som oppmerksame på deira behov til tross for fosterbarnets særskilde behov, oppfatta andre informantar at fosterbarna tok deira plass og «spiste» dei opp (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 29).

## 5.2. Involvering

Analysen avdekkja vidare involvering av eigenfødt barn som eit gjentakande tema. Involvering inneberer medverknad kring bestemminga om å bli fosterheim (Gundersen & Jenssen, 2020; Raineri et al., 2018; Ellingsen & Øyre, 2016). I den kvantitative undersøkinga svarde 63% at dei fekk medverke i avgjersla om å bli fosterheim, 12% svarde nei, og 25% svarde at dei var for unge eller ikkje hugsar (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 208). Sitat frå spørjeundersøkinga avdekkte eit behov for å sei si meining til barnevernstenesta kring plasseringa; «(...) eg ser i ettertid at det hadde vore fint om nokon frå til dømes barnevernstenesta spurte meg om korleis det gjekk der eg fekk sei mi meining» (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 208).

Involvering i form av medverknad vart av andre beskrive som ein prosess dei ikkje var del av, der dei ikkje vart innblanda før avgjersla vart tatt (Raineri et al., 2018, s. 627). Manglande medverknad vart også framheva av andre informantar, der deira deltaking i forkant av fosterheimsprosessen varierte (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 27). Nokre hadde ei deltakande rolle, medan andre ikkje hugsa. Tre av informantane understrekte viktigheita kring medverknad og deltaking, ettersom oppdraget involverer alle medlem av familien (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 27). Følgjande vart sagt; «(...) snakk med de biologiske barna også. Det er ikkje bare fosterforeldrene som gjør jobben, men hele familien (...). Det er blitt sånn at fosterforeldrene bli i rampelyset, mens vi bare er der ...» (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 27).

Involvering kom også i form av informasjon til eigenfødte barn kring fosterheimsoppdraget og samhandling med barnevernstenesta. Informasjon var av stor betydning for eigenfødte barns opplevelse, forventning, førebuing til fosterheimsoppdraget (Ellingsen & Øyre, 2016; Gundersen & Jenssen, 2020; Williams, 2017; Raineri et al., 2018). Informasjon og involvering med barnevernstenesta heng saman med behovet for innsikt og rettleiing i korleis dei skal forhalda seg til fosterbarn og forstå deira åtferd (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 27).

Kring spørsmål om informantane hadde snakka med barnevernstenesta eller fosterheimstenesta svarde 58% ja, der majoriteten av desse var i alder 12-14 år (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 208). Nokre hadde opplevd å snakke med barnevernstenesta før og i forbindelse av fosterheimspllasseringa, men ikkje i seinare tid (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 208). Det vart uttrykt eit behov for å bli høyrt og sett gjennom kontakt med følgjande sitat; «Det å vere fostersøksen var til tider eit stort offer og dette skulle eg gjerne fått anerkjenning for» (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 208). Anerkjenning vart også framheva i studia til Ellingsen & Øyre (2016), der informantane poengterte betydninga av at barnevernet og foreldre anerkjente deira deltakande rolle i fosterheimspllasseringa, som også innebera å sjå deira behov for hjelp og førebuing (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 27). Tre av informantane i den same studia hugsa at dei hadde snakka med barnevernstenesta eller fekk tilbod om dette, mens resten hugsa ikkje (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 27).

I Williams (2017) si artikkelen påpeikte informantane viktigheita av informasjon og samtalar med barnevernsapparatet; “Talk to us and tell us what’s going on (...)” og “I don’t think a social worker or anybody asked about how I was affected by it at all” (Williams, 2017, s. 1450). I Raineri et al (2018) følte informantane at dei hadde verdifull kunnskap om fosterbarnet som kunne vore nyttig for barnevernstenesta; “(...) they [could] consider us a little more. It would also be useful because we know her [the foster girl] – I think more than they do. So... we could at least give an opinion.” (Raineri et al., 2018, s. 630). Dette samsvarde med informantar frå Gundersen & Jenssen (2020), som meinte at dei hadde kunnskap barnevernstenesta kunne vore interessert i (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 208).

## 6.0. Drøfting

Gjennom å bruke tidlegare forsking, politiske føringer, teoriar, og forskingsartiklanes funn, skal problemstillinga “Korleis vert fosterforeldres eigne barn påverka ved å få fostersøskens?” drøftast.

### 6.1. Positiv påverknad

Analysen av forskingsartiklane har vist at eigenfødt barn kan oppleve positive effektar og påverknad gjennom å få fostersøskens. Artiklane har avdekkat at eigne barn kan utvikle sosiale og relasjonelle ferdigheiter som følgje av å få fostersøskens, i form av auka forståing, innsikt, omsyn til andre, omtenksamheit, medkjensle, og ikkje-dømmande haldning (Ellingsen & Øyre, 2016; Gundersen & Jenssen, 2020; Raineri et al., 2018; Williams, 2017). Dei har også tileigna seg evna til å forstå kvifor fosterbarn oppfører seg som dei gjer på bakgrunn av tidlegare opplevingar, samt eit endra syn på menneskets ulikheitar (Ellingsen & Øyre, 2016; Gundersen & Jenssen, 2020; Raineri et al., 2018; Williams, 2017). Endringar i form av endra rolla i heimen har også oppstått, der alle artiklane avdekkja av dette kunne opplevast både godt og vondt (Ellingsen & Øyre, 2016; Gundersen & Jenssen, 2020; Raineri et al., 2018; Williams, 2017). Dette inneber endra rolle ovanfor foreldra, fosterbarna, og i familien generelt.

Forskningsartiklane har også vist ambivalente forhold til medverknad. For å drøfte oppgåvas problemstilling, kan systemteori og anerkjenningsteori vere faktorar som talar for positiv påverknad.

Systemteorien er som nemnt tidlegare ei inngang til å forstå korleis medlem i familiesystemet påverkar kvarandre og individets kontekst (Hutchinson & Oltedal, 2017, s. 142 & 152). Ein er oppteken av at medlem vert tileigna speleregler ovanfor kvarandre med blant anna moglegheit for samspelet, individuell åtferd, tilpassing, posisjon, myndigkeit (Schieffloe, 2019, s. 220). Ein tek også utgangspunkt i at medlem i systemet skapar systemets organisering, der ein er oppteken av korleis medlem er knyta saman og endrar systemet (Schieffloe, 2019, s. 219). Systemteoretisk vert eigenfødt barn påverka av andre medlem i systemet, som i dette tilfelle er fosterbarna. Gjennom gjensidig relasjon observerer og lærer eigenfødt barn korleis åtferda til fosterbarn skil seg frå si eige, som resulterer i nye mellommenneskelege ferdigheiter. Eigne barn tileigner seg dermed føringar og speleregler for den nye systemorganiseringa. Dei tilpassar seg etter fosterbarnets nivå og behov, og dermed endrar deira individuelle åtferd i ei meir empatisk og omsorgsfull retning som skapar nye moglegheiter for samspelet.

Moglegheiter kan innebere meir utviklingsfremjande samspel, der fosterbarnas særskilte behov vert respektert av eigenfødt barn. Her oppstår det ei endring i familiens subsystem, altså søskensubsystemet mellom eigne barn og fosterbarn.

Fosterbarn kan som nemnt tidlegare, ha alvorlege åtferdsproblem. Dei treng dermed tid og tilpassa omsorg frå fosterheimen. Gjennom eigenfødt barns nye tillærte speleregler med endra posisjon og utvikla individuell mellommenneskeleg åtferd i form av forståing, omsyn, innsikt, og medkjensle, vert eigne barn betre rusta til å møte fosterbarna. Positiv utvikling i form av empatiske ferdigheiter som følgje av fosterheimsoppdrag er tross alt eit dokumentert funn i tidlegare forsking (Stoneman, 2019, s. 177-178). Systemteoretisk kan dette forståast som sirkulær årsaksforståing, der eigne barns positive påverknad gjennom personleg vekst kan skuldast eit mangfold av årsaker. Dette kan innebere deira tilpassingsdyktigheit, mottakelekeit for endring, og fosterbarnas utgangspunkt.

Denne sirkulære årsaksforståinga kan også omhandle grad av informasjon til eigenfødt barn, der informasjon heng saman med behovet for innsikt og rettleiing i korleis dei skal forhaldar seg til fosterbarn og forstå deira åtferd (Ellingsen & Øyre, 2020, s. 27). Dersom eigne barn vert informert og involvert, har dei betre føresetnadar for å handtere deira nye fosterheimskvardag. Dette bekreftast også av fagfeltets litteratur, der ei suksessfaktor for gode fosterheimsoppdrag er å gjeve eigne barn tilstrekkeleg informasjon (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 353). Analysen av forskingsartiklane viste at nokre informantar var involvert og hadde snakka med barnevernstenesta før og i forbindelse med fosterheimspllasseringa, og 58% i spørjeundersøkinga svarte at dei hadde snakka med barnevernstenesta (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 208). Involvering og informasjon kan også innebere medverknad, noko det var blanda erfaringar rundt. Spørjeundersøkinga viste at 63% opplevde medverknad og 12% opplevde det ikkje (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 208). Andre hadde varierande erfaring med medverknad i forkant av prosessen (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 27). Eit sosialfagleg argument for medverknad er barnekonvensjonens artikkel 12, der barn i stand til å danne eigne synspunkt skal fritt uttrykkje desse i alle forhold som angår barnet (Barnekonvensjonen, 1989, art 12). Andre argument Noregs lovverk, som omhandlar at barns meiningar skal vektleggast etter alder og modnad (Barnelova, 1981, §31). Barnevernstenesta og samfunnsmessige forhold kan omtala som fosterfamiliens suprasystem, som legg føringar for familiens samspel. Som eit underlagt system av suprasystemet vert familien påverka gjennom barnevernstenestas involvering av eigenfødt barn og lovverket, der deira heilheit vert forma av suprasystemet.

Medverknad som eit positivt moment kan bekreftast av Honneth si anerkjenningsteori. Anerkjenning oppstår i relasjon med andre og kan bidra til sjølvstendigheit og identitetsutvikling (Askheim, 2012, s. 168). I den rettslege sfæren er medverknad og respekt, samt tilgang på rettigheter kjelder til anerkjening. Gjennom medverknad vert barns medbestemmingsrett i barnekonvensjonen og lovverket anerkjent og respektert. Her får barna dekt sine psykologiske behov, og kan stimulere til positive effektar i form av sosial tilpassing, livskvalitet og god psykisk helse (Helgesen, 2017, s. 83). Medverknad kan tross alt vere gunstig for gode plasseringar (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 353).

Anerkjenningsteorien er også relevant i høve personleg vekst som vart omtalt tidlegare, med fokus på den solidariske sfæren. Eigenfødt barn som opplev anerkjenning i denne sfæren erfarer å vere del av det sosiale fellesskapet i familien, der deira kvalitetar ver anerkjent. Dei vert sett som bidragsytarar og verdifulle for andre. Dette samsvarar med alle forskingsartiklane der informantane opplevde endra rolle ovanfor fosterbarna, med identitetsutvikling som følgje av sine nye kvalitative eigenskapar. Dette kan illustrerast gjennom utsegn om at fosterheimsrolla har påverka deira utdanningsval i retning sosialfag, deira engasjement for andre, og personleg ynskje om å få eigne fosterbarn (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 31).

Informantane kan som nemnt ovanfor oppleve identitetsutvikling dersom dei vert anerkjent. Her er det mogleg å tenkje at kvalitetar dei tileignar seg som følgje av livserfaring kan bringast vidare i framtida. Deira nyutvikla mellommenneskelege kvalitetar kan forme deira forståingshorisont og forhandsoppfatningar, og deira evne til å fortolke situasjonar. Dette vil truleg vere gunstig for informantane, der liknande framtidige situasjonar kan fortolkast og handterast adekvat på grunnlag av tidlegare erfaringar. Personleg vekst og endring kan dermed tolkast som eit positivt utfall for eigne barn, men også for fosterbarna dei møter. Tidlegare forsking har vist at eigenfødt barn i fosterheim kan fungere som ei de-stabiliserande faktor ved fosterheimspllasseringar (Falch-Eriksen, 2018, s. 38), noko som kan forsterkast av fosterheimsundersøkinga der 19% svarde at eigne barn var grunnen til utilsikta flytting (Norsk Fosterhjemforening, 2021, s. 13). Dette opnar opp for tanken om at eigenfødt barns personleg vekst kan forhindre framtidig utilsikta flytting gjennom ei breiare forståingshorisont rundt fosterbarn på bakgrunn av livserfaringar.

## 6.2. Negativ påverknad

Ovanfor har endringar i form av personleg vekst og endring i familien vorte sett på som ei positiv effekt som følgje av å få fostersøskan. Til tross for at nokre funn har avdekkja positiv effekt, viste derimot andre funn at dette ikkje er sannheita for alle. Analysen viste at negative funn inneberer større støtte- og ansvarskjensle ovanfor foreldra og fosterbarna. I spørjeundersøkinga var 54% einige i at dei hadde fått meir ansvar og oppgåver (Gunderssen & Jenssen, 2020, s. 203). Nokre opplevde det belastande å skulle ta ansvar for og støtte foreldra i krevjande situasjonar (Williams, 2017; Ellingsen & Øyre, 2016). Andre såg derimot verdien av denne rolla, og pådrog seg den velvillig (Raineri et al., 2018, s. 628). Ei konsekvens av meir ansvar og endra rolle var at deira eigne behov vart underkommunisert av foreldra (Gundersen & Jenssen, 2020; Ellingsen & Øyre, 2016). Behova innebere blant anna nærliek, ivaretaking, empati, og oppmerksemd.

Gjennom ei systemteoretisk tilnærming kan dette sjåast som endring i familiesystemets struktur. Her vert eigne barn tildelt ei posisjon i systemet som tilseier meir myndighet og ansvar ovanfor andre medlem. Strukturen i familien fungerer dermed som eit fordelingsverktøy (Schiefloe, 2019, s. 220). Dette kan forklare korleis familiemedlem påverkar eigenfødt barn, der forholdet og samspelet mellom medlem er kjelda til vesentlege endringar i systemet i form av endra roller og posisjonar. Til tross for at nokre opplevde denne endringa som positiv, opplevde andre på den andre sida at deira behov vart mindre veklagt; «De kunne nok vært flinkere til å se oss, se hvordan vi har det og spurt hvordan vi følte oss» (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 29). Nedprioritering av eigne barns behov til fordel for fosterbarna har også vorte dokumentert i tidlegare forsking (Stoneman, 2019, s. 177-178). Her kan spørsmålet om fosterheimsoppdrag er til eigenfødt barns beste kome på bana. Ei universell rettigheit for alle barn er at handlingar skal ha barnets beste som grunnleggande syn (Barnekonvensjonen, 1989, art. 3). Dette inneberer respekt for menneskeverdet sitt og at alle vurderingar skal gagne barnet (Grl, 1814, §104), der barnets interesser går framfor foreldres (NOU 2012:5, s. 41). Utfordringa her vert at dersom fosterheimsoppdrag medfører mindre omsyn til eigne barns behov, kan ein dermed seie at deira rett på barnets beste som grunnleggande vurderingssyn vert respektert og anerkjent? Dette kan bekrefastast av Honneth si anerkjenningsteori.

I teoriens private sfære kan manglande behovsdekking frå foreldre koplast opp til nærliek, omsorg og støtte. Mangel på behov oppstod når foreldra brukte meir tid på fosterbarna, hadde for lite overskot til eigne barn, og når fosterbarna tok for stor plass; «Hun spiste oss opp [...] og hun tok min plass» (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 29). Dette samsvarar med funn frå tidlegare studiar (Nuske, i Falch-Eriksen, 2018, s. 38). Ein kan dermed også tenkje at eigne barns rettslege sfære vert krenka, der forskjellsbehandling kan vere del av deira delt kvardag med fostersøsken. Dersom ein koplar inn retten til barnets beste som grunnleggande syn, vert også dette ei kjelde til krenkelse. Her vert ikkje barnas status i samfunnet og krav på rettigheitar respektert. At eigne barn vert utsett for manglande tid og overskot frå foreldre strid med det norske barnevernets rekrutteringsvilkår, der godkjenning som fosterfamilie føreset tid, overskot, og kapasitet til å følgje opp fosterbarn på toppen av familieansvar (Bufdir, u.å.).

Andre rekrutteringsvilkår er inkludering av eigne barn i fosterheimsprosessen (Bufdir, u.å.). På den eine sida viste oppgåva tidlegare at nokre informantar vart involvert i fosterheimsprosessen og fekk medverke. På den andre sia viste analysen at dette ikkje var ein prosess alle var del av (Ellingsen & Øyre, 2016; Gundersen & Jenssen, 2020; Rainieri et al., 2018). Involvering og deltaking vart tross alt påpeika som eit viktig moment; «(...) snakk med de biologiske barna også. Det er ikke bare fosterforeldrene som gjør jobben, men hele familien (...)» (Ellingsen & Øyre, 2016, s. 27). Samarbeid med barnevernstenesta vert framheva som ei viktig arena for involvering og informasjon. Informasjon var tross alt av stor betydning for eigenfødt barns oppleving, forventning, førebuing til fosterheimsoppdraget.

I eit systemteoretisk perspektiv vert barnevernstenesta ei føresetnad for å forstå og analysere familiesystemet. Her vert hjelpeapparatet del av innpass og avhengigheit, som omhandlar korleis familiesystemet er plassert i forhold til barnevernstenesta og deira betydning ovanfor kvarandre. Barnevernstenesta har betydning i form av informasjon og oppfølging ovanfor fosterheimen, medan fosterheimen har eit ansvar ovanfor hjelpeapparatet kring ivaretaking av fosterbarna. Her kan barnevernstenesta omtala som familiens suprasystem, som påverkar familiens indre subsystem.

I anerkjenningsteorien kan negativ påverknad gjennom manglende inkludering sjåast i lys av den rettslege sfären. Barns medverknad er som nemnt tidlegare ei universell rettigheit jamfør barnekonvensjonen artikkel 12 (Barnekonvensjonen, 1989, art. 12), samt jamfør barnelova §31 (Barnelova, 1981, §31). Involvering og inkludering vert også regulert av fosterheimsavtalen punkt 4.1.3, der barnevernstenesta skal ha samtalar med eigne barn dersom dette er ynskjeleg (Barne, likestillings, og inkluderingsdepartementet, 2010, s. 6). Dette vert også påpeika i dokumentet for retningslinjer for fosterheim (Barne- og familidepartementet, 2004, s. 37). Når eigne barn ikkje vert involvert og inkludert i fosterheimsprosessen, kan dette vere kjelde til krenkelse med røter i manglende medverknad og rettigheitar. Eit motargument for medverknad kan vere barnas alder og modnad. På den andre sida varierte alderen til barna mellom 6 til 28 år, noko som vil sei at dei fleste var i ei alder der deira meininger skal takast omsyn til jamfør barnelova §31 (Barnelova, 1981, §31). Informantane meininger burde dermed, basert på velformulerte synspunkt i forskingsartiklane, vorte veklagt med bakgrunn i lovverket og rettigheitar. Medverknad føreset sjølv sagt av barna er tilstrekkeleg informerte, noko som igjen føreset involvering.

Informantane meinte også at dei hadde verdifull kunnskap kring fosterbarnet som barnevernstenesta kunne hatt nytte av; «(...) they [could] consider us a little more. It would also be useful because we know her [the foster girl] – I think more than they do. So... we could at least give an opinion.” (Raineri et al., 2018, s. 630). Dette vart også påpeika i andre artiklar (Gundersen & Jenssen, 2020, s. 208). Informantar påpeika også at dei sakna anerkjenning for deira deltagande rolle i fosterheimsarbeidet (Gundersen & Jenssen, 2020; Ellingsen & Øyre, 2020). Manglende anerkjenning av eigne barns kunnskap om fosterbarna kan sjåast i lys av den solidariske sfären. Her ser ikkje samfunnet verdien av deira kompetanse, og dei vert gjerne ikkje verdsett eller anerkjent som bidragsytar i fosterheimsoppdraget. Dersom deira kunnskap hadde vorte anerkjent, er det mogleg å tenkje at dei kunne bidrage med ytterlegare endring i familiesystemet gjennom samhandling med barnevernstenesta. Her kan skjult informasjon rundt fosterbarna som barnevernstenesta manglar forme tiltak og oppfølging. Denne tenkjemåten opnar for betre ivaretaking av fosterbarna, der hjelpa vert tilpassa deira behov og interesser.

Dette kan også sjåast i eit systemteoretisk perspektiv, der samfunnet og barnevernstenesta vert suprasystemet til familiens søskensubsystem. I samhandlinga innanfor søskensubsystemet vert kunnskap overført frå fosterbarn til eigne barn, ein prosess som kanskje ikkje er like tilgjengeleg i subsystemet mellom fosterforeldre og fosterbarnet. Søskensubsystemet skil seg dermed frå foreldre-barn subsystemet, der komponentane utvekslar annleis informasjon. Dette samsvarar med teorien presentert tidlegare, der ulike subsystem har ulik samhandling (Egeland & Schjødt, i Jensen, 2009, s. 52-53).

## 7.0. Avslutning

Denne bacheloroppgåva har presentert korleis eigne barn vert påverka ved å få fostersøksen. Fire forskingsartiklar har vorte sett i lys av tidlegare forsking, juridiske og politiske føringar, systemteori og anerkjenningsteori. Forskingsartiklane har vist både positiv og negativ påverknad gjennom hovudfunna «endringar» og «involvering», som har vorte diskutert for å drøfte og svare på oppgåvas problemstilling. Drøftinga har vist at positiv påverknad kan førekome gjennom mellommenneskelege ferdigheitar, personleg vekst, og innverknad på fosterbarn. Negativ påverknad kan førekome gjennom krenkelse i form av manglande behovsdekking, rettigheitar, og anerkjenning av kunnskap.

I forkant av oppgåveskrivinga hadde eg ei forståing prega av at eigne barn i fosterheim vert negativt påverka av fosterheimsoppdrag. Forståinga har delvis forandra seg etter drøftinga. Eg har vorte introdusert til dei positive sidene ved fosterheimsoppdrag for eigne barn, i form av personleg vekst og involvering. Samstundes har drøftinga vist meg at mine forhandsoppfatningar til ei viss grad stemmer med realiteten, ved presentasjon av negativ påverknad i form av manglande behovsdekking, meir ansvar, og lite medverknad. Det er derimot viktig med merksemd på at oppgåvas forskingsutval berre bestod av fire forskingsartiklar med 418 informantar, noko som ikkje er representativt for eit relativt stort fagfelt. Det kan på den andre sida fungere som ei indikator på dagsaktuelle problemstillingar. Det vil også vere naudsynt med merksemd på at nokre av oppgåvas funn baserer seg på informantar frå Italia og Irland, noko som medfører at deira opplevingar kring situasjonar prega av politiske føringar gjerne ikkje samsvarar fullt med Noregs føringar.

Dersom eit liknande forskingsspørsmål skulle forskast på i framtida, burde ein gjerne velje forskingsartiklar avgrensa til Noreg for å presentere funn meir representative for det norske samfunnet. I høve implikasjon for praksis har drøftinga vist at eit auka fokus på involvering av eigne barn i fosterheimsprosessen kan vere fordelaktig, både for fosterfamiliar og fosterbarn. Dette vil truleg minske risiko for utilsikta flytting av fosterbarn og fungere som ei beskyttande faktor for eigne barns livskvalitet. Dette står i tråd med sosialarbeidarar sitt samfunnsmandat om å forebygge, løyse og redusere sosiale problem. Eit spennande forskingsspørsmål vil vere å forske på samanhengen mellom vellukka plasseringar og forhaldet mellom fosterbarn og fosterfamiliens eigne barn, sett ut frå fosterbarnas ståstad. Dette vil truleg opne for moglegheita til å samanlikne og sjå etter likskapar i fosterbarn og eigenfødt barns synspunkt, og implementere funna i vidare fosterheimsarbeid.

## Litteraturliste

Aadland, E. (2011). *Og eg ser på deg – vitskapsteori i helse- og sosialfag* (3. utg.).

Universitetsforlaget.

Askheim, O. P. (2012). *Empowerment i helse- og sosialfaglig arbeid: Floskel, styringsverktøy eller frigjøringsstrategi?* Gyldendal.

Aveyard, H. (2019). *Doing a literature review in health and social care: A practical guide* (4. utg.). Open University Press.

Backe-Hansen, E. (2009). *Hvordan motvirke og forebygge utilsiktet flytting fra fosterhjem?* (NOVA). Norsk institutt for forsking om oppvekst, velferd og aldring.

[https://bibliotek.bufdir.no/BUF/101/Hvordan\\_motvirke\\_og\\_forebygge\\_utilsiktet\\_flytting\\_Fra\\_fosterhjem.pdf](https://bibliotek.bufdir.no/BUF/101/Hvordan_motvirke_og_forebygge_utilsiktet_flytting Fra_fosterhjem.pdf)

Barnekonvensjonen. (1989). *FNs konvensjon om barnets rettigheter*. Regjeringen.no.

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns\\_barnekonvensjon.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf)

Barne, likestillings og inkluderingsdepartementet. (2010). *Fosterhjemsavtalen*.

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/barnevern/2011/fosterhjemsavtalen2011.pdf>

Barnelova. (1981). *Lov om barn og foreldre* (LOV-1981-04-08-7). Lovdata.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7?q=barneloven>

Barne- og familidepartementet. (2004). *Retningslinjer for fosterhjem.*

<https://www.nb.no/items/0421def81637ad3ec8e1cdb898e6b532?page=0&searchText=egne>

Barnevernloven. (2021). *Lov om barnevern* (LOV-2021-06-18-97). Lovdata.

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97/KAPITTEL\\_3#%C2%A73-6](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97/KAPITTEL_3#%C2%A73-6)

Berg, B., Ellingsen, I, T., Levin, I. & Kleppe, L, C. (2015). Kva er sosialt arbeid? I I. T.

Ellingsen, I. Levin, B. Berg & L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: En grunnbok* (s. 19-35).

Universitetsforlaget.

Brottveit, G. (2018). Hermeneutikk og vitenskap. I G. Brottveit (Red.), *Vitenskapsteori og kvalitative forskningsmetoder: Om å arbeide forskningsrelatert* (s. 32-43). Gyldendal.

Bufdir. (u.å). *Barn i fosterhjem og beredskapshjem.* Henta dato 11.05.2023 frå

<https://www.bufdir.no/statistikk-og-analyse/barnevern/barn-i-fosterhjem#section-20>

Bufdir. (u.å). *Kven kan bli fosterforelder?* Henta dato 21.04.2023 frå

<https://www.bufdir.no/fosterhjem/hvordan-bli-fosterhjem/>

Bufdir. (u.å). *Opplæring for deg som vil bli fosterheim.* Henta dato 23.04.2023 frå

<https://www.bufdir.no/fosterhjem/opplaring/>

Bunkholdt, V. & Kvaran, I. (2021). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid* (2.utg.).

Gyldendal.

Ellingsen, I. T. & Skjefstad, N. S. (2015). Anerkjenning, myndiggjøring og brukermedvirkning. I I. T. Ellingsen, I. Levin, B. Berg & L. C. Kleppe (Red.), *Sosialt arbeid: En grunnbok* (s. 97-111). Universitetsforlaget.

Ellingsen, I. T & Øyre, I. (2016). Å vokse opp med fostersøksen med utfordrende atferd – erfaringer i et retrospektivt lys. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, 93(1), 20-35. <https://doi-org.galanga.hvl.no/10.18261/issn.1891-1838-2016-01-03>

Falch-Eriksen, A. (2018). *Stabilitet i fosterhjem. Internasjonal forsking om barnets behov for trygghet og forutsigbarhet.* (NOVA Rapport 4/2018). Norsk institutt for forsking om oppvekst, velferd og aldring.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/86217c9889cb4e0f9cb1fd1956719c15/nettutgave-nova-rapport-4-2018-desember-2018.pdf>

Forskrift om fosterhjem. (2003). *Forskrift om fosterhjem.* (FOR-2003-12-18-1659). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-12-18-1659?q=forskrift%20om%20fosterhjem>

FO (2019). *Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernpedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere.* FO.no. <https://www.fo.no/getfile.php/1324847-1580893260/Bilder/FO%20mener/Brosjyrer/Yrkesetisk%20grunnlagsdokument.pdf>

Grunnlova. (1814). *Kongeriket Noregs grunnlov* (LOV-1814-05-17). Lovdata. [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn#KAPITTEL\\_5](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn#KAPITTEL_5)

Gundersen, T. & Jenssen, J. T. (2020). Fosterforeldres egne barn: Hvordan synes de det er å ha fostersøskens? Resultater fra en spørreundersøkelse. *Tidsskriftet Norges Barnevern*, 97(3), 196-213. <https://doi-org.galanga.hvl.no/10.18261/ISSN.1891-1838-2020-03-04>

Helgesen, L. A. (2017). *Menneskets dimensjoner: Lærebok i psykologi* (3. utg.). Cappelen Damm Akademisk.

Hutchinson, G, S. & Oltedal, S. (2017). *Praksisteorier i sosialt arbeid*. Universitetsforlaget.

Jensen, P. (2009). *Ansikt til ansikt: Kommunikasjon- og familieperspektivet i helse- og sosiarbeid* (2.utg.). Gyldendal.

Norsk Fosterhjemsforening. (2021). *Fosterhjemsundersøkelsen 2021; en brukerundersøkelse fra Norsk Fosterhjemsforening med svar fra over 1000 fosterhjem*.

<https://www.fosterhjemsforening.no/wp-content/uploads/2021/05/vivilg1.pdf>

NOU 2012:5. (2012). *Bedre beskyttelse av barns utvikling*. Barne- og familieldepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/e212cdbe211d4e699983049c3070870e/no/pdfs/nou201220120005000dddpdfs.pdf>

NOU 2018:18. (2018). *Trygge rammer for fosterhjem*. Barne- og familieldepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/cfec9a0ff1f3471891656e1ce9dbd2ff/no/pdfs/nou201820180018000dddpdfs.pdf>

Raineri, M. L, Calcaterra, V. & Folgheraiter, F. (2018). "We are caregivers, too": Foster siblings' difficulties, strengths, and needs for support. *Child & Family Social Work*, 23(4), 625-632. <https://doi.org/10.1111/cfs.12453>

Røkenes, O. H & Hanssen, P-H. (2012). *Bære eller briste: Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker* (3.utg.). Fagbokforlaget.

Schiefloe, P. M. (2019). *Mennesker og samfunn: Innføring i sosiologisk forståelse* (3.utg.). Fagbokforlaget.

SSB (2022, 6. juli). *Barnevern*. <https://www.ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/barne-og-familievern/statistikk/barnevern>

Stoneman, K. (2019). 'The love is spread out': how birth children talk about their experiences of living with foster children. *Adoption & Fostering*, 43(2), 169-191. <https://doi-org.galanga.hvl.no/10.1177/0308575919848907>

Williams, D. (2017). Grief, loss, and separation: Experiences of birth children of foster carers. *Child & Family Social Work*, 22(4), 1448-1455. <https://doi.org/10.1111/cfs.12366>

## Vedlegg 1 – Søkjeprosessen

Tabellen nedanfor viser ei oversikt over søkjeprosessen som vart gjennomført for å redusere tal treff. Avgrensingane er ulike i dei forskjellige databasane ettersom kvar database hadde standard avgrensingar utan moglegheit til å manuelt leggje til fleire avgrensingar.

<b>Database &amp; dato</b>	<b>Søkjeord &amp; Søkjekombinasjon</b>	<b>Treff</b>	<b>Avgrensingar</b>	<b>Treff etter avgrensingar</b>
<b>Academic Search Elite</b>  Dato for søk: 15.04	«Foster home*»	101	Fagfellevurdert	14
	«Birth children*»		Full tekst	
	Foster home* AND Birth children*		2010 – 2023  Engelsk	
<b>SocIndex</b>  Dato for søk: 15.04	«Foster care*»	6	Fagfellevurdert	3
	«Foster siblings*»		Full tekst	
	«Birth children*»		2010 – 2023	
	Foster care* AND Foster siblings* AND Birth children*		Engelsk	
<b>Idunn</b>  Dato for søk: 15.04	«Fosterhjem*»	195	2010 – 2023	58
	«Biologiske barn*»		Forskningsartikkel	
	Fosterhjem* AND Biologiske barn*			

## Vedlegg 2 – Oppsummering av forskingsartiklane

Tabellen nedanfor gjev ei oppsummering av forskingsartiklane. Formålet er å gje ei enkel og konkret oversikt over artiklanes innhald. Vedlegget går over to sider, s. 37-38.

	<b>Ellingsen &amp; Øyre, (2016)</b>	<b>Gundersen &amp; Jenssen, (2020)</b>	<b>Raineri et al., (2018)</b>	<b>Williams, (2017)</b>
<b>Tittel</b>	Å vokse opp med fostersøskens utfordrende atferd – erfaringer i et retrospektivt lys	Fosterforeldres egne barn: Hvordan synes de det er å ha fostersøskens?	“We are caregivers, too”: Foster siblings’ difficulties, strengths, and needs for support	Grief, loss, and separation: Experiences of birth children of foster carers
<b>Formål</b>	Belyse fosterforeldres eigne barn sine erfaringar med å vere fosterheim for fosterbarn med utfordrande åtferd	Skaffe kunnskap om korleis fosterheimsoppdrag påverkar familiesituasjonar, og kva utfordringar og behov fosterfamilien har	Presentere eigenfødt barns oppleving av å vere fosterheim, positive og negative syn på fosterheimsopphaldet, og deira anbefalingar til fosterforeldre, fosterbarn og profesjonelle	Undersøkje fordelane og utfordringane for eigenfødt barn under fosterheimsoppdrag, samt deira syn på trening og behov
<b>Studiedesign</b>	Semi-strukturert intervju	Spørjeundersøking	Semi-strukturert intervju	Semi-strukturert intervju
<b>Forskningsland</b>	Noreg	Noreg	Italia	Irland
<b>Informantar</b>	8 eigenfødt barn (5 kvinner, 3 menn)	380 eigenfødt barn (247 jenter, 133 gutter)	15 eigenfødt barn (8 jenter, 7 gutter), og 14 fosterforeldre (9 mødre, 5 fedre)	15 eigenfødt barn
<b>Alder under studia</b>	18-25 år	12-25 år	6-19 år	18-28 år

<b>Alder ved første fosterheims- oppdrag</b>	0-16 år	Ingen informasjon	Ingen informasjon	0-14 år
<b>Relevans</b>	Eg vurderer denne forskingsartikkelen som relevant for mi problemstilling			